

Tysnes kommune
Kommunehuset
5685 UGGDAL

Vår dato: 09.01.2018
Vår ref.: 201506674-11
Arkiv: 323
Dykkar dato: 15.11.2017
Dykkar ref.: 16/47 - 44

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

NVE opprettheld motsegn til detaljreguleringsplan for Uggdal bustadområde - PlanID 2015-1 - Tysnes kommune

Vi syner til brev datert 15.11.2017. Saka gjeld detaljreguleringsplan for Uggdal bustadområde. Tysnes kommune oppmodar NVE om å trekke motsegn til planen då omsyn til flaum, skred og erosjon er teke inn i planskilddring og føresegn, og synt med omsynssoner i plankart.

NVE fremja motsegn til detaljreguleringsplan for Uggdal bustadområde i brev datert 06.07.2017. Grunnlaget for motsegna var at flaum-, skred- og erosjonsfare mot byggeområde var for dårleg utgreidd.

Det har vore dialog mellom NVE og Tysnes kommune etter at NVE har fremja motsegn, og før denne avgrensa høyringa. I epost datert 12.10.2017 gjorde Tysnes kommune greie for flaum- og skredfarevurderingar som har vore gjennomført. NVE svarte på denne i epost datert 17.10.2017. Ut frå det arbeidet som då var gjort signaliserte vi at det låg til rette for å trekke motsegn til punktet som gjekk på vurdering av skredfare. På punktet om flaumfare meinte vi at kommunen først måtte arbeide vidare med vurdering av flaumfare på aktsemdnivå. Dersom dette arbeidet førte til at berre nokre avgrensa eksisterande byggeområde kom innanfor aktsemdområde for flaum ville NVE kunne drøfte spørsmålet om å utsette avklaring av reell flaumfare til byggesaka. Vi sa vidare at NVE ikkje kunne trekke motsegna til planen før plankart, føresegner, planskilddring og ROS analyse vart oppdatert.

Snøskredfare frå søraust

Det er no gjort ei konkret vurdering av snøskredfaren frå søraust. Denne konkluderer med at skredfaren ikkje er reell. Som tidlegare signalisert overlet vi til Tysnes kommune som ansvarleg plan- og byggesaksmynde å avgjere om dokumentasjonen er tilstrekkeleg. Vårt råd er at tryggleiken mot skred innanfor aktsemdområda må avklarast av fagkyndige. Denne delen av grunnlaget for motsegna har falle bort.

Steinsprangfare og snøskredfare i BFS13

Den delen av BFS13 som ligg innanfor aktsemdområde for skred er teke ut av planen som byggeområde. Det er då ikkje byggeområde som gir høve til tiltak i tryggleiksklassane S2 og S3 (jf. TEK17 § 7-3) innanfor areal som er vurdert som potensielt skredutsett. Denne delen av grunnlaget for motsegna har falle bort. NVE meiner likevel at areal som ikkje er friskmeld i høve til skredfare må markerast i plankartet som omsynssone H310 Ras- og skredfare.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Flaum og erosjonsfare

Som nemnd over meinte vi i epost datert 17.10.2017 at Tysnes kommune burde sjå nærare på kva areal som kunne verte råka dersom ein nytta formelverket som går fram av pkt. 1 s.13 i rettleiaren 3/2015 «Flaumfare i bekker». Dette har etter det vi kan sjå kommunen fått gjort. Etter vårt syn er det ikkje berre nokre avgrensa eksisterande byggeområde som kjem innanfor det som no er definert som aktsemdområde for flaum. Frå sjøen og opp langs elva finn ein minst 5 eksisterande bustader og ein fritidsbustad innanfor aktsemdområdet. I BKB1 ligg no brannstasjonen. Planen legg opp til å flytte den og på arealet BKB1 kan det byggast rekke- eller kjedehus. Ved elva sitt utlaup i sjøen finn ein ytterlegare areal (BKB3 og BFS22) som er markert som flaumutsett.

I NVE rettleiar 2/2017 «*Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging – Grunnlag for innsigelse*» finn ein i vedlegg 2 at: «*Dersom det planlegges ny bebyggelse innenfor aktsomhetsområder/hensynssoner for flom, må det gjennomføres en flomfareutredning med faresoneavgrensning i tråd med sikkerhetskravene for aktuell sikkerhetsklasse i TEK17 § 7-2*». Det står vidare at «*Mangelfull utredning av flom- og erosjonsfare for nye utbyggingsområder/byggetiltak i sikkerhetsklasse F2 og F3 (TEK17 § 7-2)*» gir grunnlag for motsegn.

Sjølv om byggeområda som ligg innanfor areal som er vurdert som aktsemdområde for flaum i stor grad er utbygd i dag opnar føresegnene til planen for ny bygging på desse areala. Desse byggeområda står heller ikkje fram som avgrensa, i tydinga mindre areal. Vi legg særleg vekt på at planen legg opp til ei flytting av brannstasjon og ny bygging av rekke-/kjedehus på arealet når vi finn at det i planen vert planlagt ny utbygging innanfor aktsemdområdet. NVE meiner difor at flaumfare må kartleggast nærare av fagkyndige før reguleringsplanen vert slutthandsama. På dette grunnlaget opprettheld NVE motsegn til detaljreguleringsplan for Uggdal bustadområde.

Med helsing

Bright Samdal
Regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland